



Arkivnr: 2014/19384-2
Saksbehandlar: Inge Edvardsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014

Fv 315 - Omklassifisering av del av Bavallsvegen

Samandrag

Saka dreier seg om omklassifisering av ein 912 meter lang del av Bavallsvegen i Voss kommune frå fylkesveg til kommunal veg. Statens vegvesen rår til at strekinga vert omklassifisert då vegen har fått endra funksjon til ein lokalveg med tilkomst til bustader etter at det vart bygd ny vegtrase til Bavallen. Det har vore gjennomført synfaring med Voss kommune, og vegen skal setjast i den stand som det går fram av veglova § 7 fjerde ledd, og i samsvar med avtale mellom Voss kommune og Statens vegvesen før den vert overlevert. Fylkesrådmannen sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at:

1. Fylkesveg 315, hp 50, km 0,688 – 1,600 mellom Trå og Skjerpe (høgdebassenget) med lengde på 912 meter vert omklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg.
2. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen er overlevert til Voss kommune skal vegen setjast i den stand som det går fram av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med avtale om tiltak i skriv datert 16.12.2013 frå Statens vegvesen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev frå Statens vegvesen til Voss kommune
- 2 Fv 315 - Omklassifisering av del av Bavallsvegen

Fylkesrådmannen, 28.01.2015

Statens vegvesen sendte i brev av 17. juli 2014 si tilråding til omklassifisering frå fylkesveg til kommunal veg for delar av Bavallsvegen i Voss kommune.

Bakgrunn for saka

Det var i planprosessen til nybygd strekning på Bavallsvegen sett som ein føresetnad at delar av fv 315 frå Trå til Skjerpe skulle omklassifiserast til kommunal veg.

Statens vegvesen rår til at vegen vert omklassifisert til kommunal veg grunna i den funksjonen vegen har i dag er endra i og med at det er bygd ein ny vegtrase til Bavallen. Den gamle vegen får dermed funksjon som ein lokalveg med tilkomst til bustader. Dette tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Omklassifiseringssaka vart sendt til Voss kommune 16. desember 2012. Kommunen ønskte ei synfaring, for å vurdere kva som måtte utbetrast før ei overtaking. Det vart gjennomført ei synfaring 23. mai 2014 med deltaking frå Voss kommune og Statens vegvesen. Det vart utarbeida eit referat etter synfaringa med framlegg til kva tiltak som skulle gjerast før overlevering av vegen. Voss kommune kom med tilbakemelding 20. februar 2014 der dei hadde merknad til eit bekkeinntak, og ønskjer ei anna løysing enn den rista Statens vegvesen tilbyr. Statens vegvesen tilbyr rist på staden etter standard som elles er.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen føreset at tiltaka på lista som er utarbeida for å stette krava ved overtaking gitt i veglova § 7 fjerde ledd vert gjennomført før Voss kommune overtek vegen. Fylkesrådmannen støttar òg Statens vegvesen si avgjerd om å tilby standardløysing på det bekkeinntaket som Voss kommune hadde ein merknad til.